

Årsmelding for Midtre Møre Gjeterhundlag 2010 (MMG)

Forrige årsmøte vart halde torsdag 28 januar 2010 på Hurla Bygdastove.

Møteleiar og to personar til å skrive under møteprotokoll vart vald.

Innkalling og sakliste godkjent.

Årsmeldinga vart opplest og godkjent.

Rekneskapen vart lagt fram og godkjent.

Val av formann og styremedlemmar. På styremøte 28/1-10 konstituerte styret seg slik:

Formann:	Arnfinn Lien - 1 år
Nestformann:	Kjell Ove Liabø - 2 år
Kasserar:	Vidar Sunde - 2 år
Sekretær:	Merethe Hellevik - 1 år
Styremedlem:	Asbjørn Molvær - 1 år

Vara: 1. Odd Krogsæter. 2. Leif Beite. Valde for 1 år.

1 varamann møter på alle styremøter.

Dei som er varamenn fungerer og som valnemnd.

Asbjørn Molvær er MMG sin representant i Møre og Romsdal Gjeterhundlag.

Vara: Vidar Sunde.

MMG har 39 medlemmar i 2010. Det har vore 6 styremøter.

MMG har arrangert 3 gjeterhundkurs i 2010: Det fyrste i januar, på Skorgen, Vestnes.

Instruktør var Halvor Tenden. Så hadde vi kurs på Ellingsøya i april, hjå Vidar Sunde.

Instruktørar her var Liv Oddny Hindenes og Egil Syversbråten. Egil var og instruktør på Stette-kurset i august.

Faste treningskveldar på Stette kvar tirsdag frå midten av mai og utover.

MMG har stått som arrangør av 2 distriktsprøver. 11 april på Hildre, med Liv Oddny Hindenes som dommer, og 6 juni på Stette. Her var Odd Bjarne Bjørdal dommer.

Begge prøvene hadde klasse 1, 2 og 3.

Det har vore stor pågang for å få vere med på kursa som MMG har arrangert. Og godt frammøte på treningskveldane tyder på stor interesse for bruk av gjeterhund. MMG takkar for godt oppmøte på dugnadane på Opskar. Eit mindre område har vorte gjerda inn, slik at det no er enklare å trene unghundar der. Og ein har mulighet til å trene på to flokkar.

Vi gratulerer desse med bruksprov i 2010:

Kira:	Kjell Ove Liabø
Jess:	Richard Bøe
Flynn:	Asbjørn Molvær
Bennis:	Merethe Hellevik

Styret i MMG